



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne  
Telefon: 57643140  
E-post: fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato  
16.05.2014  
Dykkar dato  
17.02.2014

Vår referanse  
2005/5702 - 542.1  
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

**Brevet vert berre sendt elektronisk.**

## Havlandet Marin Yngel AS - fråsegn til søknad på lok. Botnaneset i Flora kommune

---

**Fylkesmannen vurderer at utsleppsløyvet av 19.2.2001 med vilkår gjeld inntil vidare. Dersom produksjonen vert auka over 50 tonn per år, må verksemda gje melding til Fylkesmannen, slik at løyvet kan oppdaterast. Fylkesmannen har ikkje kjennskap til tilhøve som gjev grunn til fråråding.**

---

Vi viser til søknad frå Havlandet Marin Yngel AS dagsett 14.2.2014, oversendt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 17.2.2014 og seinare komplettert med miljøgransking og kommunal uttale 26.3.2014. Vi er lei for at det har tatt lang tid å svare på søknaden.

### Bakgrunn

Fylkesmannen har 19.2.2001 gitt løyve etter ureiningslova for hald og produksjon av inntil 200 tonn stam- og settefisk av torsk på lokaliteten. Løyvet vart gitt med vilkår om miljøovervaking kvart 5. år. Løyvet hadde ikkje sett krav om reinsing av utsleppa til sjø.

### Om søknaden

Søknaden gjeld hald av 2 tonn stamfisk og produksjon av 5 mill. settefisk av berggyllt i eksisterande landanlegg på lokaliteten Botnaneset i Flora. I tillegg vil anlegget ha noko stamfisk av torsk. Stipulert årleg fôrforbruk for den samla fiskemengda er oppgitt til 44 tonn. Søknaden medfører ikkje endringar i bygningsmasse eller arealbruk. Resultat av miljøgransking av MOMB-type er vedlagt søknaden.

Søknaden har vore lagt til offentleg ettersyn, og det har ikkje kome inn merknader. Flora kommune har i si fråsegn til søknaden vist til at søknaden er i tråd med arealplan, og tilrådd søknaden med føresetnad om akseptabel reinsing og utslepp frå anlegget.

### Fylkesmannen si vurdering av utslepp frå anlegget

Utsleppsløyvet er av eldre dato, og er modent for oppdatering, jf. ureiningslova § 18. Det ville då vere naturleg å sette krav i tråd med dagens normalkrav til settefiskanlegg, m.a. om reinsing av utsleppa til sjø, og utdupe krava til miljøovervaking.

Løyvet frå 2001 er gitt for ein monaleg større produksjon enn det som har vore i anlegget dei siste åra. Produksjonen som er skissert framover med berggyllt og torsk er også samla sett liten i høve til ramma for løyvet. Miljøgranskinga som er gjort på lokaliteten har ikkje måledata heilt nær ved utsleppspunkta som er vist på kartmaterialet i søknaden, botntilhøva er skrånande fjell- og steinbotn, og det er funne lite blautbotnmateriale. Det er likevel ikkje noko som tyder på belasta miljøtilhøve ved anlegget i dag. Ettersom miljøtilstanden er

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

tilfredsstillande og produksjonen per i dag er svært låg, og det ikkje er konkrete planar om å auke den med det første, finn vi det naturleg å vente med nye krav til anlegget.

**Fylkesmannen vurderer difor at omsøkt produksjon kan skje innanfor gjeldande utsleppsløyve av 19.2.2001.** Vurderinga er basert på låg produksjon i anlegget. Vi ber om at anlegget melder frå til Fylkesmannen når/dersom det er planar om å auke produksjonen til over 50 tonn i anlegget årleg. Nytt løyve med oppdaterte vilkår må då bli utarbeidd.

Miljøgranskinga frå i år er den første som er gjennomført ved anlegget. Vi vil presisere at jamleg miljøovervaking er eit vilkår til det gjeldande løyvet, som må gjennomførast minst kvart femte år.

### Vurdering av andre tilhøve

I akvakultursaker skal Fylkesmannen gje fråsegn mht. om søknader kan komme i konflikt med forhold knytt til våre sektoransvar om natur-, miljø- og friluftslivsinteresser. Det har ikkje kome inn merknader frå ålmenta som tyder på større konflikter i dag, og ettersom det ikkje blir ytre endringar på anlegget, vurderer vi at søknaden ikkje medfører nemnande auke i konfliktnivå.

Fylkesmannen har ikkje kjennskap til forhold som gjev grunn til fråråding av søknaden.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Gunn Helen Henne  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

1. Utsleppsløyvet frå 2001

Kopi på e-post/EDU:

Havlandet Marin Yngel AS  
Mattilsynet, DK for Sunnfjord og Ytre Sogn  
Fiskeridirektoratet, Region vest  
Flora kommune



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

INC Engineering AS  
P.b. 294

6901 FLORØ

Dykkar ref.  
L. H. Nilsen

Vår ref.  
200/9162 /542.1/GH  
A

Hermansverk  
25.04.2002

### **BOTNANESET - VURDERING AV UTSLEPP FRÅ YNGELANLEGG FOR TORSK - FLORA KOMMUNE**

Vi viser til søknad dagsett 4.3.2002, oversendt frå Flora kommune 12.4.2002. På vegner av Havlandet Marin Yngel AS vert det søkt om endring av utsleppsleidninga i høve til opphavelag søknad frå ein til tre løp. Kommunen ber om vurdering av søknaden i høve til ureiningslova.

Fylkesmannen tar brevet som ei orientering, og finn ikkje at det er grunn til å endre utsleppsløyvet no. Dersom utsleppet kan ha verknad for andre interessentar, ber vi om at dette vert teke opp direkte med den det måtte gjelde. Vi vil i dette brevet likevel kommentere nokre av dei påreknelege ureiningsmessige følgjande av planlagt endring.

Gjeldande utsleppsløyve dagsett 19.2.01 omtalar ikkje krav til reinsing av utsleppet. Grunngevinga kan oppsummerast slik: Produksjon av torsk er etter vår vurdering i ei utviklingsfase. Reinsekraft til slike anlegg må sjåast i samanheng med retningslinene for skjønnsutøvinga etter ureiningslova. Krav i ei slik fase kan difor i nokon tid vere mindre strenge enn ved permanent drift. Produksjonen ved anlegget er planlagt i ein slik storleik at reinsekraft vil verte vurdert i det enkelte høvet. Anlegget ligg høvesvis godt til med omsyn på resipientkapasitet, og vi fant det forsvarleg å gje løyve utan direkte krav til reinsing. Likevel vil berre jamleg oppfølging av resipienten ved granskingar og eigne målingar (jf. NS 9410 som kan nyttast så langt den passar) gi opplysning om evt. negativ utvikling i resipienten. Verksemda pliktar å handtere evt. negativ utvikling som *avvik* (jf. internkontrollforskrifta og krav i høve til *det ytre miljøet*). Ei negativ utvikling eller varig større produksjon vil utløyse krav til ny vurdering i samsvar med § 18 i ureiningslova.

Følgjen av ei vurdering som omtalt over, kan føre til krav til reinsing, endra produksjon eller endra utsleppstilhøve. De planlegg no endring frå eitt til tre avløp. Dette vurderer vi å kunne gi ein gunstig effekt på spreiningstilhøva, men kan gjere ei evt. seinare reinsing meir kostbar. Vi rår difor til at De vurderer plassering og utsleppsarrangement med plass til ei evt. framtidig reinsing.

---

Adresse	Telefon	Landbruksavdelinga	Telefon
Tinghuset, Skrivarvegen 3	57 65 50 00	Hafstadvegen 48	57 72 32 00
Postboks 43	Telefaks	Postboks 14	Telefaks
6861 LEIKANGER	57 65 50 55	6801 FØRDE	57 82 12 05

Til orientering vil vi nemne formuleringa til utslepp som er gitt seinare i saker som gjeld større laksesmoltanlegg. Krav til dykkar anlegg vil få ei tilsvarande vurdering – men er sjølvsagt mykje lettare å stette med bruk av saltvatn.:

**"Utsleppsstad.** Avløpsvatnet skal førast til resipienten på ein djupne som sikrar at det vesentlege av avløpsvatnet til vanleg ikkje når overflata om sommaren. Djupne må fastsetjast ved hjelp av målingar av straum og teoretisk utrekning av innlagring.

Utsleppsstaden må veljast slik at ureina vatn ikkje vert ført attende til strandsona."

Generelt vil vi vurdere at *eitt* utslepp til 15 m djup av ferskvatn, truleg ikkje vil stette dette kravet, medan utslepp av saltvatn i nokre høve kan klare kravet. Deling av utsleppsleidning, diffusor eller endra termiske eller fysiske eigenskapar vil kunne føre til store endringar av spreingsretning og innlagringsdjup.

Ta gjerne kontakt dersom de har ytterlegare spørsmål.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Gøsta Hagenlund  
seksjonsleiar (tlf. 57 65 51 44)

Gjenpart: Flora kommune, p.b. 13, 6901 Florø  
Intern: GH, VASS, HAM



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Havlandet Marin Yngel as  
C/o INC Invest as, Postboks 323  
6901 FLORØ

Dykkar ref.  
13.09.00

Vår ref.  
2000/09162-4/542.1/HAM a

Leikanger  
19.02. 01

### **HAVLANDET MARINE YNGEL AS - LØYVE TIL UTSLEPP FRÅ KLEKKERI, SETTEFISK OG STAMFISK ANLEGG FOR OPPDRETT AV TORSK PÅ FJORDBASE I FLORA KOMMUNE.**

Vi viser til Dykkar søknad datert 13. september 2000, oversendt frå Fiskeridirektoratet til oss 27. november 2000, vedlagd Flora kommune sin uttale der dei rår til lokaliseringa.

**Med heimel i ureiningslova frå 13. mars 1981 nr. 6, § 11 og § 16 får Havlandet Marine Yngel AS løyve til utslepp til luft og vatn frå oppdrettsanlegg på land.**

<b>LOKALITET</b>	<b>STORLEIK</b>	<b>KOMMUNE</b>	<b>UTM (EUREF 89)</b>
<b>Fjordbase</b>	<b>5 000 000 settefisk, 200 tonn</b>	<b>Flora</b>	<b>32V 292300 6837150</b>

**./.** Løyvet gjeld under føresetnad av at vedlagde vilkår blir følgde.

Løyvet gjeld frå det tidspunkt anlegget har fått konsesjon etter oppdrettslova. Dersom anlegget ikkje har etablert seg innan 2 år, må det etter § 20 i ureiningslova gjevast melding til fylkesmannen, som avgjer om det må sendast inn ny søknad. Løyvet omfattar også utslepp frå anna produksjonsutstyr, medisiner og avfallshandsaming knytt til drifta.

### BAKGRUNN FOR SAKA

Havlandet Marin Yngel as søkjer om utsleppsløyve frå eit oppdrettsanlegg på land. Utsleppet vert leia til sjø. Resipienten er granska, straumen i sjøen er målt og dokumentasjon for dette er lagt ved søknaden. Søkjar planlegg oppdrett av torsk i eit klekkeri, settefisk- og stamfiskanlegg. Anlegget skal plasserast i eit etablert industriområde, Fjordbase. Søknaden har lege ute til offentleg innsyn utan at det har kome merknader til planane.

### GRUNNGJEVING FOR AVGJERDA

Fylkesmannen gjev løyvet fordi vi vurderer vassutskiftinga som så god i området at utslepp frå produksjon av 5 000 000 settefisk, der total biomassa kan bli 200 tonn i året, ikkje vil

**Adresse**  
Tinghuset, Skrivarvegen 3  
Postboks 37  
6861 LEIKANGER  
**Epost:** Postmottak@fm-sf.stat.no

**Telefon**  
57 65 50 00  
**Telefaks**  
57 65 50 55

**Landbruksavdelinga**  
Hafstadvegen 48  
Postboks 14  
6801 FØRDE  
**Internett:** www.fjordinfo.no/fmsf

**Telefon**  
57 72 32 00  
**Telefaks**  
57 82 12 05

føre til uakseptable miljøtilhøve i nærområdet. Syner gransking av resipienten eller drifta at nærområdet ikkje toler aktiviteten kan løyvet endrast eller kallast tilbake.

Løyvet kjem ikkje i konflikt med registrerte områder innan naturvern, friluftsliv, vilt, laks og fiskeinteresser.

## TILTAK

Det er sett følgjande fristar for gjennomføring av tiltak:

TILTAK	TIDSRIST	TILVISING TIL VILKÅR
Utsleppsledning	Ved oppstart	1
Etablere forkontroll i alle einingar.	Ved oppstart	1.2
Sende oss årsrapport.	15. februar	6.3
Resipientgransking	Kvart 5 år	7

## AVSLUTTANDE REGLAR OG INFORMASJON

### Endring eller attendekalling av løyvet

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene for løyvet kan føre til revurdering av løyvet. Eventuelt kan det bli kravd at anlegget blir flytta.

### Tilsyn og ansvar

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar m.m. for tilsyn og kontroll, jf. §§ 48 - 50 i ureiningslova.

Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Vedkomande som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til formålet og vilkåra i løyvet.

Dette løyvet frittek ikkje eigaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda som t.d. arbeidsmiljø-, helse-, fiskeri-, og veterinærlovgivinga.

All verksemdar som sysselset arbeidstakar, er frå 1.1.92 pliktig til å ha eit internkontrollsystem som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik vert følgd (jf. §. 52 b i ureiningslova og ”Internkontrollforskrifta”, seinast endra 6.12.1996). Fylkesmannen vil spesielt streke under plikta til å etablere og drive eit system som vernar om **det ytre miljøet** (vern mot ureining og ei betre handsaming av avfall).

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

**Ureiningsgebyr, straff**

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje ureiningsgebyr til Staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførde i samsvar med løyvet.

Brot på dette løyvet, eller pålegg i tilknytning til løyvet, kan etter ureiningslova straffast, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare straffebestemmelser.

**Om klageretten**

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan 3 veker etter at avgjerda vart motteken. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende den til SFT til endeleg avgjerd.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Gøsta Hagenlund  
seksjonsleiar

Sakshandsamar: Harald Muladal tlf: 57 65 51 65

Kopi:

Fiskeridirektoratet, region Sogn og Fjordane, Pb 1, 6701 Måløy  
Fylkesveterinæren for Hordaland, Sogn og Fjordane, Bontelabo 8 A, 5003 Bergen  
Flora kommune  
Internt: vass, ham

## VILKÅR FOR LØYVET

### 1. UTSLEPP TIL VATN

Utsleppet skal ikkje endre miljøtilstanden (her; naturtilstanden) i nærområdet på ein uakseptabel måte verken i sjøen eller på botnen.

Utsleppet skal leiast til minst 15 m djup under lågaste fjøre og ende på eit punkt med god vassutskifting.

#### 1.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg. Det er berre tillate å bruke naturleg for, tørrfôr eller mjukfôr.

Definisjonar:

Våtfôr: Heil fisk, slo, eller oppmalt fisk/avfall tilsett bindemiddel. Konsistensen av oppmalt våtfôr er deigaktig. Tørrstoffinnhald < 40 %.

Naturleg for: Alger, plankton eller liknande, kunstig eller naturleg produsert.

Mjukfôr/pellets: Oppmalt fisk/avfall, tilsett så mykje bindemiddel at den kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.

Tørrstoffinnhald > 50 %

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

#### 1.2. Kontroll

Det skal etablerast mest moglege effektiv og kontinuerleg kontroll med fôringa i alle produksjonseiningane.

#### 1.3. Medisin/kjemikal

Bruk, lagring og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmiddel m.v. skal skje i samsvar med regelverk/retningsliner frå veterinærstyresmaktene.

#### 1.4. Sanitæravløp

Utslepp frå sanitæravløp frå personalrom m.v. må godkjennast av kommunen i samsvar med reglar for spreidde avløp.

### 2. UTSLEPP TIL LUFT

Fôrlagring, spyling, reingjering, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.



### **3. STØY**

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager. Som minstekrav skal immisjonsgrensene i "Retningslinjer for begrensing av støy fra industri m.v." (TA-506) oppfyllest. Vi gjer merksame på at retningslinjene gjev spesielle grenser i samband med bustad- og fritidshus.

### **4. AVFALL OG SLAM**

#### **4.1. Produksjonsavfall og slam**

Død fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår ureining.

Død fisk skal takast opp av einingane kvar dag. Når det døyrr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal opptaksfrekvensen aukast tilsvarande.

Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og fôrast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppdrettsanlegget skal ha ein kriseplan for å handtere store mengder død fisk.

Antibiotikahaldig død fisk og anna antibiotikahaldig avfall eller slam skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

Oppsamla avfall som ikkje inneheld antibiotika skal utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetningsmiddel.

Dumping av død fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate.

Nedgraving og forbrenning er ikkje tillate utan skriftleg løyve frå ureiningsstyresmakta. Evt. søknad om nedgraving av smittefarleg fisk må og rettast til fylkesveterinæren.

#### **4.2. Medisin og kjemikalrestar**

Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje må samlast og lagrast forsvarleg før det blir henta av, eller brakt til, produsent eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar og ekskrement.

#### **4.3. Anna avfall**

Emballasje, plast, papir, isopor, hushaldningsavfall og avfall som ikkje kjem inn under pkt. 4.1. og 4.2. skal dersom det ikkje kan brukast av verksemda eller gjenvinnast, leverast kommunal renovasjon eller godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar. (Sjå òg "Forskrift om sortering, oppbevaring og levering til gjenvinning av brunt papir", T-1029.) Verksemda må kunne dokumentere avfallsmengde delt på ulike typar.

#### 4.4 Spesialavfall

Spesialavfall skal lagrast på ein forsvarleg måte, og skal leverast attende til leverandøren, eller eventuelt andre godkjende mottakarar. (Jf. "Forskrift om spesialavfall" frå 19. mai 1994, T-1037).

#### 4.5. Slamfjerning

Dersom det er nødvendig med slamfjerning frå sjøbotn må det søkjast om eige løyve til dette. Skriftleg søknad som fortel korleis slammet er tenkt transportert og disponert skal sendast til fylkesmannen. Grunna smittefaren må også veterinær-styresmaktene varslast.

Oppsamla slam skal om mogleg på nyttast på ein god måte..

### 5. LAGRING AV MEDISIN OG KJEMIKAL

Medisin, insekticid og kjemikal skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at det ikkje er tilgjengeleg for uvedkomande.

Lagerlokale skal utformast slik at spill ved uhell e.l. kan samlast opp, t.d. ved hjelp av oppsamlingstankar/kantar med tilstrekkeleg volum.

### 6. KONTROLL

#### 6.1. Rutiner for vedlikehald

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn med fôringsutstyr, eventuelle reinseanlegg m.v. slik at desse alltid blir drivne mest mogleg effektivt. For å sikre dette skal verksemda regelmessig drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette delane.

#### 6.2. Journalføring/kontroll

Verksemda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

- |   |                                       |
|---|---------------------------------------|
| * Fiskemengde   | *Mengde død fisk                      |
| * Fôrtype og fôrforbruk                                     | * Avfallsmengder og disponeringsmåtar |
| * Mengde rømt fisk  | * Bruk av:                            |
| * Mengde oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmåte | -Antibiotika, type og mengde          |
|   | -Insekticid, - " -                    |
|   | -Andre kjemikal, - " -                |

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vera tilgjengeleg ved kontroll.

### **6.3. Årsrapport**

Kvart år skal det utarbeidast ein rapport for fylkesmannen som viser siste års produksjon, avfallsmengder og -handtering, og dessutan forbruk av fôr, medisin m.m. Årsrapporten skal leverast på standard skjema og skal innehalde ei samanlikning av verkelege og lovlege mengder/tilhøve. Eventuelle overskriddingar må kommenterast.

Årsrapporten må sendast fylkesmannen innan **15. februar** det påfølgjande året.

### **7. RESIPIENTGRANSKINGAR**

Det skal etablerast eit program som vedvarande dokumenterer at utsleppet vil vere forsvarleg. Granskingane skal vere tilpassa utsleppa verksemda har og dokumentere tilstanden i nærområdet kvart 5 år.

Generelt ynskjer fylkesmannen å sette krav om at matfiskanlegga i fylket skal innføre overvåkingsprogrammet MOM (Matfiskanlegg-Overvåking-Modellering). Ein kan derfor vente at minstekrava til resipientgranskingane vil bli sett lik dei i MOM.. Aktuelle krav kan bli mykje lik dei som er gitt i rapporten MOM - Konsept og revidert utgave av overvåkingsprogrammet, Fisken og Havet nr. 5, 1997. Rapporten er utgjeven av Havforskningsintituttet i Bergen.

### **8. ANDRE VILKÅR**

#### **8.1. Eigenkontroll og ansvar**

Verksemda pliktar gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader blir mest mogleg avgrensa.

#### **8.2. Akutte utslepp**

Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikal osv.

Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen varslast så snart som råd. I samsvar med rundskriv T-914 frå Miljøverndepartementet, skal også brannvesenet varslast ved større akutte utslepp frå industri på land.

#### **8.3. Nedlegging, eigarskifte, konkurs**

Ved eigarskifte, inklusive ny eigar etter ein konkurs, må det gjevast melding om dette til ureiningsstyresmakta innan - 4 - fire veker. Det same gjeld ved namneendring.

Verksemda er ansvarleg for opprydding på det nytta området, jf. ureiningslova § 20.

#### **8.4. Brakklegging av lokaliteten**

Lokaliteten skal brakkleggjast minst 2 mnd. mellom kvar fiskegenerasjon.